

# Frå ein kisteverkstad



Her heldt kistemakar Berge Knutsen Tveiten (1872-1942) til. Han var frå den yngre generasjon kistemakar i Mjøsvågen, og den siste som lagde kister og kuffertar i Hosanger.

Verkstaden stod før sør for gamlebutikken der vegen tar av til Byseim.

1. etasje vart brukt som lager.
  2. etasje vart brukt som verkstad.
- Han produserte for det meste Amerikakuffertar.

Her i verkstaden er det framleis ein god del snikkarutstyr til kistene, høvlebank og ei gamal tappemaskin i jern. Verkstaden er bygd før 1900 og her var drift til ca. 1940.

Det er no Inge Svenheim som eig kisteverkstaden og smia som står attmed. Han har lånt oss diverse utstyr og kuriositetar frå verkstaden.



*Kisteverkstaden til Berge Tveiten, no eigd av Inge Svenheim*



*Ein Amerika-kuffert som står på loftet i kisteverkstaden.*



# Smeden og rosemålararen



Smia på Kleiva



Smia som høyrer til kiste-  
verkstaden til Inge Sven-  
heim

## Smiene

Me veit at det har vore minst 3 smier ved inste delen av Mjøsvågen. 2 av dei står framleis, den eine med grue – klar til bruk. Her vart det laga beslag, hengsler, lister og lås til kister/koffertar som vart laga på kisteverkstadene.

I Hosanger-bygda var det også allsidige bygdesmedar, og to av dei spesialiserte seg på å arbeida hakar til åkerarbeidet. Dette var trespadar med jernbeslag framme. Lars Mjøs (1812-1886) og Ole Johannesson på Tveiten (1817-1868) hadde som vinterarbeid å smi jernbeslag til trespadane. Dei kjøpte helst trevyrket hjå naboane og laga ferdig hakene med beslag i smia. Mjøs kunne laga eit par hundre hakar om vinteren, medan Ola, som også dreiv ein del som bygningsmann, nógde seg med om lag hundre. På vårparten reiste dei til Bergen og selde det meste til kjellarhandlarar i byen.



Eit eksempel på ei Ostrakiste – eigd av Åsa og Arild Hanstvedt

## Rosemålarar

Ostrakistene var lett kjennelege i sin karakteristiske stil. Kistene fekk ein enkel, sjablongmessig dekor, fargar og motiv er derimot nok så ulike. Medan sølekistene har enkle telemarkroser på raud botn, har ostrakistene små midtstilte roser, ofte på sjattert mørkeraud, marineblå eller kasselbrun botn. Mellom dei yngre målarane som tok opp denne produksjonen, var Lars L. Mjøs (1877- 1932), som var kjend for å vera ein dugande målar, Anders O. Mjøs, og brørne Fuse og Haldor Nilsen Hole.



# Kisteverkstadane



Her starta kisteproduksjonen i Mjøsvågen

I den gule verkstaden til venstre var det Jon Larsen Børane-set Mjøs starta med kisteverkstad. Han bygde på eit tømra naust som han fekk kjøpt, og det er påbygd både i høgda (reisverk) og på sjøsida i 2 høgder (tømra). Me veit ikkje alderen på det opphavlege naustet, men heile verkstaden er innteikna på utskiftingsskartet som vart "opptaget aar 1886". Første del av 1900-talet vart det produsert amerikakoffertar.

Nokre snikkarar (frå Kleppe) sov på lemme i vekedagane. Frå 1947 til 1954 var det produksjon av filttøflar; ruskor. Etter 1954 vart verkstaden brukt som naust og verkstad/lager for garden. 1985: Nedste del av kledninga på langsiden erstatta med aluminiumsplater. Omnsrøret fjerna. To vindauge i snikkarverkstaden kledde inn. 2002-04: Ny teglstein på taket. Roteskadde berebjelkar i golv erstatta. Vindauge restaurerte

og opna opp att. Frå 2005: Galleri.

I den brune verkstaden til høgre er det no treskoverkstad. Hosanger treskoverkstad i Mjøsvågen vart starta i 1924 av Andreas Severin Karlsen Mjøs (1884-1959). Verkstaden er opphavleg kisteverkstad og bygd før 1900 truleg av Anders Olsen Mjøs (1840-1906). Kisteverkstaden vart gjort om til treskoverkstad og det vart produsert

tresko like fram mot 1950-åra. Produksjonen kom opp i mellom 50 og 100 par for dagen.

Hosanger Treskofabrikk er i privat eige og står her komplett i dag med alt utstyret på plass og under tilsyn av Osterøy Museum. Det vert produsert tresko i regi av treskoverkstadens vener.

Inne i vågen låg det to kisteverkstader, der brørne Haldor og Fuse Nilsen Hole heldt til. Den gule verkstaden til høgre var Fuse sin og Haldor heldt til i verkstaden attmed.

Den brann seinare opp og ein møbelfabrikk vart bygd på tomte, tidlegare Hanstvedt Møbelfabrikk.



To tidlegare kisteverkstader i Mjøsvågen

# Rekneskapsbok frå 1904-1905

Bøndene i Mjøsdaalen hadde små gardar og mange fann seg ekstra-innkome som handverkarar rundt Mjøs vågen. Kring 1865 tok dei til med å arbeida kister. Jon Larsson Børneset Mjøs (1825-1913) var smed, og starta opp med kisteproduksjon. Han gjorde det godt, og fleire kom til, så etter kvart vart heile fem naustplassar bygde om til kisteverkstader. Samarbeid i Osterøy-industrien er ikkje berre av nyare dato. I ei rekneskapsbok frå 1904-1905 går det fram at fire verkstader, med heile 14 kistemakarar, var med i eit samarbeid. Truleg gjekk alt salet gjennom same kassa. Her finn me og oppgjer for materialar, beslag, snekkararbeid, beslåing og måling. Nokre av kistene vart rosemåla.

I 1904 vart det levert 1382 kister, kuffertar m.m. til ein samla verdi på om lag 10.500 kroner. På tommemål vart det levert skrin, kister, skibskister og kuffertar. Kuffertar vart leverte også på cm-mål. Kring hundreårsskiftet vart det ei gradvis omlegging til tapetserte reisekuffertar med bogne lokk, såkalla "amerikakuffertar". Det var først og fremst grossistar og handelsmenn i Bergen som var kundar, men her var også mindre leveransar til private kring Osterfjorden og litt elles i Hordaland. Det vart berre levert 5 "ligkister" til heilt lokalt bruk.

Mykje av trematerialane vart kjøpte på Evanger og fløytt ned Bolstadelva og sidan bunde saman til flåtar med kroker, kjet-

tingar eller naglar. Med hjelp av 8-10 meter lange årar, vart flåtane manaurerte utover Osterfjorden. Ein slik flåtetur kunne ta fleire dagar. Dei bygde seg gjerne ei hytte på flåten så dei kunne søkja ly og sova i pausane. For når fjorden flødde og straumen dermed gjekk innover, var det lite hjelp i å ro med slik tunglast.

## Arbeiding av materialane

Det ser ut til at fire verkstader har vore med i samarbeidet. Tre av desse står i dag om lag som den gong, den fjerde er seinare brend ned og møbelfabrikk vart bygd på same plassen. To smier er også intakte. Ei tredje smie sto om lag der som treskomakar Andreas Severin Karlsen Mjøs (1884-1959) seinare bygde butikk (huset på Skjæringæ). Det er dei som hadde desse verkstadane som arbeidde materialane: **Fuse Hole** (1853-1941) arbeidde skrin og kister. **Haldor Hole** (1857-1941), bror til Fuse, dreiv òg med tillaging av kister og arbeidde beslag. Det var verkstaden hans som brann (no tidlegare Hanstvedt Møbelfabrikk). **Lars A. Mjøs** (1853-1925) beslo, målte og laga kister. Sonen **Lars Mjøs** (1877-1932) leverte òg material, arbeidde og malte kister og laga til kuffertar. **Berge Tveiten** (1872-1942) arbeidde kister. Berge og Lars var svograr.

Verkstaden som Andreas Severin Karlsen Mjøs seinare nytta til treskoverkstad, har truleg òg vore kisteverkstad, men har ik-

kje vore med i noko samarbeid i 1904. Denne verkstaden står også i dag, no som ein komplett treskoverkstad der "Tresoverkstadens vener" har teke opp att drifta.

Kisteprodusentane i 1904-1905 I tillegg til dei før nemnde som var med på kisteproduksjonen var:

**Johan L. Mjøs** (1882-1964). Han har smidd dei aller fleste beslaga. Han var son til Lars A. Mjøs. Han smidde i smia som i dag står på Kleiva. **Nils Hole** (1882-1961) beslo og målte, han arbeidde og målte òg kommodar. Nils var son til Haldor og gjorde ein del arbeid saman med onkelen sin, han Fuse. **Nils R. Øvsthus** (1872-1965) arbeidde kister. **Ola Tveiten** (1881-1968) beslo, grunna og ferdigmålte kuffertar. **Knud Tveiten** arbeidde likkister og kuffertar. **Johs. F. Hole** (1876-) sto for det meste av kommodeproduksjon. **Ole A. Kleppe** arbeidde kister. **Sjur K. Mjøs** (1839-1914) arbeidde ein kuffert i 1904. Sjur var tidlegare eigar av bruket som Lars A. Mjøs då eigde.

## Kven var kundane?

I 1904 hadde dei til saman vel 70 ulike kundar. Dei viktigaste var nok grossistar og handelsmenn i Bergen. Den største kunden var Mikal Aksdal. Andre kundar som gjekk att var M.F. Zuckerman, A.Martinussen & Co, Knud Strand, Johs. Johannesen, C. Danielsen, L.O. Thormodsæter, O. Bratland, W. Brækhus, M.A.

Hope, A.M. Løvaas, J.A. Toft og B. Sellevold. N. Nilsen kjøpte dei fleste kommodane. Desse kundane sto for den største delen av omsetnaden. Desse vart ikkje belasta med fraktomkostnader.

## Småkundane

Elles var det ein heil del kundar som kjøpte ein eller nokre få kister/kuffertar. Nokre av desse fekk varene sende mot betaling: fru Bentsen i Klostergaten i Bergen, søster Josefina Hagevik, Lars Holm – Voss, Sivert Vatne – Seim, handelsmann A. Heimdal, osv. Men dei fleste av småkundane har lokale namn frå Osterøy og frå nordsida av fjorden. Likkister vart berre levert lokalt: Rasmus Aasheim, Lars Eide, Nils Litland, Rasmus Herland og Nils Hanstvedt.

## Materialen frå Voss?

Det viktigaste råstoffet må ha vore trematerial. Men det er berre ein gong materialinnkjøp er bokført. Kvar einskild verkstad har difor truleg skaffa materialen sjølv. Det er difor vanskeleg å seia kvar materialen kom frå. Men det er i alle høve kjent frå tidlegare tider at tømmer vart kjøpt på Voss og fløytt ut fjorden.

## Kjelde:

Lars Mjøs – Osterøy i søge og samtid 2008 og Osterøyboka.

## Stor produksjon og godt sal:

Det har vore ein betydeleg produksjon i verkstadane rundt Mjøs vågen. Til saman vart det levert 1382 ulike kister, kuffertar m.m. dette året til ein samla verdi på om lag kr. 10500,-.

Produksjonen var slik fordelt:

	Storleik (T = tommar)	Tal	Pris pr. stk.
Skrin	18T	72	
	20T	117	3,50
	22T	40	3,75
	24T	8	
Kiste	30T	86	6,00
	32T	126	6,50
	34T	157	7,00
	36T	114	7,50
	38T	23	8,00
	40T	16	8,50
	42T	9	
	46T	7	
Skibskiste	48T	2	
	30T	23	
	32T	75	6,50
	34T	90	7,00
Kuffert	36T	43	7,50
	28T	4	9,00
	30T	50	9,50
	32T	79	10,00
Kuffert	34T	32	10,50
	67cm	45	11,00
	75cm	80	12,50
Kuffert	80cm	41	13,00
		25	14- 21,00
	Kommode, fleire typar		
Kuffertkasse		8	
Haandkuffert		1	
Ligkiste		5	

April 25 de

John L. Sjös  
arb #24 Kivulskog 14.40

Johs Johansson  
2-307 skiter 12.00  
2-325 do 13.00  
2-347 do 14.00  
Kr. 39.00

T. J. Meddal  
2-367 skiter 15.00  
2-347 fjöskule 14.00  
1-307 skiter 6.00  
1-207 skiter 3.80  
1-187 do 3.25  
Kr. 41.75

Lars et slip  
Björns & anet 2 skiter 0.70  
11 skiter 6.05  
Kr. 6.75

Companiet

Material 12-367 skiter 24.00  
do 12-347 do 24.00  
do 4-307 do 6.00  
Kr. 54.00

Berge Treiten  
Tillagning 12 skiter a.30 3.60  
do 2 do a.20 0.40  
arb 4-307 skiter 4.00  
do 12-367 do 14.40  
Kr. 22.40

Thrud Treiten  
Tillagning 12 skiter a.30 3.60  
do 2 do a.20 0.40  
arb. 12-347 skiter 14.40  
Kr. 18.40

M. T. J. Meddal  
1 set Apparat  
John L. Sjös

Øving gjer meister



# Kistemakarane i Mjøsvågen



Det var kring 1865 at dei tok til med å arbeida kister for sal til kjellarhandlarane i Bergen. Jon Larsson Børneset Mjøs (1825-1913) var eigentleg smed, men han bygde seg hus i Mjøsvågen og starta opp med kisteproduksjon. Han gjorde det godt og bygde nytt hus, med eitt rom for snikring og eitt for beslag og måling. Etter kvart voks det fram fem kisteverkstader i Mjøsvågen. I kisteverkstadene vart det i tillegg til kister også arbeidsskrin, skibskister og kuffertar.

# Tappemaskin

